



**Fylkesmannen i
Telemark**

Sakshandsamar, direktetelefon
Kristin B. Vindvad, 35 58 61 31

Vår dato
09.03.2018
Dykkar dato
19.01.2018

Vår ref.
2018/469
Dykkar ref.

Midt-Telemark kommune
Postboks 83
3833 BØ I TELEMARK

«Felles samfunnsdel av kommuneplanen, sak 17/2804»

Felles samfunnsdel av kommuneplanen for Midt-Telemark kommune – Varsel om oppstart og offentlig ettersyn av planprogram – Fråsegn

Vi har mottatt varsel om oppstart og forslag til planprogram for felles samfunnsdel av kommuneplan for Midt-Telemark kommune 2019 – 2031, og er invitert til å kome med innspel og merknader. Fylkesmannen svarar med dette samla. Vi beklagar sein tilbakemelding.

Det går fram av felles planstrategi vedteken i både Bø og Sauherad kommunar i oktober 2017. Denne inneheld prioriteringar for utvikling av den nye felles kommunen, og samfunnsdelen som gjev føringar for bygging av ny kommune er prioritert. Det er svært positivt.

Generelt – til planprogrammet

Planprogrammet gjer greie for formålet med og rammer for planarbeidet, planprosessen med framdrift, og organisering og medverknad. Dette er i tråd med føringane i planloven § 4-1, der nettopp auka fokus på planprosess og medverknad er framheva. Planprogrammet har vidare ein gjennomgang av kva for tema planarbeidet skal ta opp, og kunnskapsgrunnlag og utgreiingsbehov.

Nærare om enkelte tema:

I tillegg til tilbakemeldingane til sjølve planprogrammet, har vi nokre konkrete tilbakemeldingar ut frå dei fagområda vi er sett til å sjå til at kommunane ivaretek i planlegginga.

Vi har innspel og merknader til ulike tema som vi meiner kommunen må vurdere nærare i arbeidet med planprogrammet og i planarbeidet.

Postadresse
Postboks 2603
3702 Skien

Besøksadresse
Gjerpensg. 14, Bygg F, Skien
Organisasjonsnummer
974 762 684

Telefon
35 58 61 10
Telefaks
35 52 85 90

E-post
fntepost@fylkesmannen.no
Internett
www.fylkesmannen.no/telemark

Samanheng mellom samfunnsdel og arealdel

Det er viktig å sikre god samanheng mellom kommuneplanens samfunnsdel og arealdel, ved at samfunnsutviklinga som samfunnsdelen legg opp til gjev føringar for arealbruken framover. Det inneber at samfunnsdelen må innehalde vurderingar av forventna utvikling, og alternative strategiar for framtidig utbyggingsmønster må drøftast.

Vi ser at det under pkt. 2 Formål med planarbeidet er vist til at planen skal ha ein arealstrategi som vert grunnlag for utarbeiding av felles arealdel av kommuneplanen. Dette er veldig bra.

Samordna bustad-, areal- og transportplanlegging – Tettstads- og sentrumsutvikling

Under pkt. 5 Plantema går det fram at stikkord for arealstrategien kan vere senterstruktur, utbyggingsmønster, mobilitet og strandsona langs vatn og vassdrag.

Vi ser at senterstruktur er eit svært aktuelt tema å få utgreidd for den framtidige arealstrategien. Kommunane Bø og Sauherad har kvar for seg svært ulike senterstruktur, og det er viktig å få ein felles strategi framover. Dette vil gje føringar for framtidig utbyggingsmønster for den nye kommunen. Viktig som grunnlag for dette arbeidet er det at kommunen ser på befolkningssamansetting og befolkningsutvikling, og ut frå det bereknar behov for ulike typar bustader og kva for arealbehov dette vil gje. Strategiar som kan gje redusert transportbehov og attraktive tettstader vil vere viktige føringar for framtidig arealdel. God og effektiv arealbruk og -utbygging er beste form for jordvern. Samstundes er det viktig å få til fortetting med kvalitet, slik at klimavennlege tettstader kan virke bra og for t.d. born og unge. Vi ser det vert lagt opp til å få utarbeidd ei areal- og transportanalyse der konsekvensar av ulike arealstrategiar vert vurdert. Vi ser fram til å sjå resultatet av denne.

Klima og energi

Vi har merka oss at kommunane skal sjå på ulike arealstrategiar i samfunnsdelen knytt opp mot ei areal- og transportanalyse, og at de jobbar med å finne ut korleis dei kan arbeide for å redusere sitt transportbehov gjennom blant anna Bygdepakke Bø. Det nemnast viktige stikkord som fortetting i sentrumsområda og utbyggingsmønster. Fylkesmannen er godt nøgd med dette og forventar at føringar for ei klimavennleg areal- og transportplanlegging vert ein del av ny samfunnsdel.

Den nye Statlige planretningslinja for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing i kommunene som no er under behandling legg nye føringar for kommunanes planprosessar særleg innanfor klimatilpassing.

I punkt 4.1 i planretningslina står det at kommuneplanens samfunnsdel skal inkludere ei vurdering av om klimaendringar vil påverke langsiktige utfordringar, mål og strategiar. Vurderinga skal skilje mellom forhold av betydning for arbeidet med kommuneplanens arealdel, og forhold av betydning for kommunesamfunnet som heilheit og kommunen som organisasjon.

Vidare står det at i kommuneplanens samfunnsdel og andre relevante planar bør kommunen basert på lokale forhold, vurdere korleis endringar i klima kan påverke blant anna samfunnstryggleik, kritisk infrastruktur, naturmiljø, befolkningas helse, og konsekvensar for

rørte næringar (for eksempel endringar i infrastruktur, transport og reiseliv, vekstforhold og landbruk).

Naturmangfald og naturområde

Den nye kommunen vil ha mange naturkvalitetar og naturområde som er viktige for innbyggerane. Vi saknar difor ein omtale av dette i planprogrammet. Med eit rikt kulturlandskap, dei store vassdraga og fjellområda på Lifjell vil kommunen innehalde ein rik og variert natur som både har potensiale for naturmangfald og som rekreasjonsområde for innbyggerane. Som ein del av arbeidet med ulike arealstrategiar meiner vi difor at det er naturleg og også sjå på tilhøve til naturområda og lage ein langsiktig strategi for korleis desse skal forvaltast.

Born og unge

I samfunnsdelen bør det gjevast nokre mål og strategiar for korleis ein ynskjer at born og unge i kommunen skal ha det. Det bør kome fram klare mål for korleis tilbod kommunen ynsker å tilby born og unge. Også i arbeidet med val av arealstrategi er born og unge eit tema som må vegast tungt med tanke på trygg skuleveg og gode nærområde for leik og fysisk aktivitet.

Landbruk

Planprogrammet legg vekt på at «Jordbruksjord må sikrast, og det må leggest til rette for nye og grønne næringar. Den seier vidare at «arealstrategien må legge føringar for korleis strandsona og høgfjellet skal disponerast og dyrka mark og kulturlandskapet skal ivaretakast». Vi er nøgde med at landbruket i noverande Bø og Sauherad skal ha ein viktig plass i den heilskaplege areal- og samfunnsutviklinga i den nye kommunen, og ventar at det vert innarbeida på ein god måte. Her må og ivaretaking av dei produktive skogareal og beitebruksområde takast med.

Etter samanslåing vert Midt-Telemark kommune den største jordbrukskommunen i fylket målt i jordbruksareal, med om lag 9 % av landarealet til kommunen. Det er såleis viktig å planleggje både for vekst og behov for landbruksnæringa i framtida. Gjeldande føringar for jordvernet, med skjerpa føringar for omdisponering av dyrka mark er særleg vektlagt i den heilskaplege samfunnsplanlegginga. Vi oppmodar om å nytte «Jordvettreglar for Telemark», som tar inn i seg mykje av dette.

Samfunnstryggleik og beredskap

«Midt-Telemark kommune» har - og vil få - utfordringar på ei rekkje område innanfor samfunnstryggleik og beredskap. Vi tenkjer mellom anna på veg- og jernbanetraffikk, utfordringar knytt til vassdrag og strandsoner, sesongprega turisme (sommar/vinter) og topografi/geografi/ grunnforhold (skred/kvikkleire/flaum).

Vi kan likevel ikkje sjå at desse temaa har vært tilstrekkeleg lagt vekt på i forslaget til planprogram. Rett nok er det i kap. 3. «Rammer for planarbeidet», underpunkt «3.1 Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging», kulepunkt to, ei betraktning som seier at «Klimaendringar, risiko og sårbarhet må takast omsyn til gjennom samfunns- og

arealplanlegging og byggesaksbehandling», men ut over dette sitatet frå «nasjonale forventningar», er det lite å finne om samfunnstryggleik og beredskap.

Sentralt innanfor samfunnstryggleik og beredskap står klimaendring fram som eit særst viktig element. Klimaendring og klimavennlege løysingar (reduisert utslepp av klimagassar) er tema i utkastet, men klimatilpassing er lite fokusert. Klimatilpassing angår dei fleste fagområda kommunen har ansvar for, og dette feltet bør leggjast vekt på i det vidare kommuneplan-arbeidet. Krava til samfunnstryggleik og beredskap i samanheng med klimatilpassing aukar stadig. I tilknytning til dette vil vi presisere at dei overslag og prognoser som vert presentert frå ulike forskarmiljø og fagmynde for berre få år sida, har vist seg å være upresise og lite pålitelege slik klimaendringa har utvikla seg og eskalert. Vi vil difor oppmode ansvarlege planleggjarar om å ta tilstrekkeleg omsyn til og følgje opp auka fokus og endringar som heile tida går føre seg på klimaområdet.

Tilsvarande bør kommunen sette søkjelyset på «tilsikta hendingar». Tilsikta hendingar, som til dømes eit anslag mot eit turistanlegg, idrettsarrangement eller festivalar, vil i likskap med naturgjevne hendingar – føre til utvida ansvar og oppgåver for ei rekkje etatar og ansvarsområde i kommuneorganisasjonen. Ein generell grunnberedskap for slike hendingar bør være basis i alle kommunar, spesielt innanfor sosial- og helsesektoren. På dette feltet bør kommunen allereie ha tileigna seg erfaringar som ein kan byggja vidare på.

Samfunnstryggleik og beredskap er eit komplekst fagområde. For å oppnå størst mogleg grad av heilskapleg tilnærming til beredskapsmessige utfordringar, vil kommunen i den vidare planprosessen leggje vinn på å få til aktiv deltaking og innspel frå heile kommuneorganisasjonen, statlege fagorgan og frivillige organisasjonar. Dette er eit godt grep. I tillegg til at kommunalsjefane vil få ansvaret for å innhente innspel til planarbeidet frå kvar sin sektor, rår vi til at beredskapskoordinatoren kjem inn i det vidare planarbeid så raskt som mogleg.

I samanheng med planarbeidet vil vi òg presisere at generelle betraktningar basert på tru eller uttale frå ikkje autorisert person/miljø («lokalkunnskap»), ikkje er tilfredsstillande kunnskapsnivå for plansaker. Her må kommunen søkje råd og fagkunnskap i dei miljøa som sitt inne med rett kompetanse.

Kunnskapsgrunnlag vedr. folkehelse

Kommunen har eit stort ansvar for å skape trivsel, meistring og helse i befolkninga. Folkehelse skapast ved at ein uttrykker ynskje og vilje, ved at ein forstår samanheng, og ved at alle sektorar bidrar på sin måte til at alle innbyggjarane får eit godt liv. Samfunnsplanen skal være eit dokument der både politikarar og tilsette i kommunen kan forankre dei overordna og helsefremjande ideane som styrer daglege avgjerder og tenester. Samstundes kan samfunnsplanen vise at også andre verksemder enn kommunen har viktig ansvar og roller for å skape gode lokalsamfunn.

Forslag til planprogram kap. 6. omtalar kunnskapsgrunnlag for samfunnsplanen. Ein slik viktig kunnskap er oversikten over innbyggjarane si helse og dei tilhøva som påverkar helse og trivsel. Jamfør at folkehelselova § 5 set krav til kommunane om å ha ei løpande oversikt. Forskrift om oversikt over folkehelsa viser kriterium for kva ein slik oversikt skal innehalde.

Vidare prosess

Fylkesmannen har eit mål om å kunne bidra til gode planar og effektiv planlegging i kommunane. Vi vil derfor oppfordre kommunen til å ta kontakt i den vidare prosessen, både for å drøfte innspela våre og å drøfte framlegg til løysingar når dei vert meir konkretisert, gjerne i eit møte med ein eller fleire av våre fagavdelingar

Vi oppfordrar også til bruk av Planforum for å få diskutert løysingar undervegs. Det er Telemark fylkeskommune som driver planforum.

Vi ønsker lykke til med planarbeidet.

Med helsing

Helge Nymo
avdelingsdirektør

Kristin B. Vindvad
seniorrådgjevar


Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift

Kopi:

Telemark fylkeskommune, Postboks 2844, 3702 Skien
Statens vegvesen, Region sør, Serviceboks 723, 4808 Arendal

Kopi internt til:

Anne Karen Haukland
Roger Jensen
Willy Frogner
Anne Aasmundsen





TELEMARK
fylkeskommune

Midt-Telemark kommune
Postboks 83
3833 BØ I TELEMARK

/Avdeling for areal og
transport

Vår dato 26.01.2018
Deres dato
Vår referanse 18/02894-2
Deres referanse
Vår saksbehandler Fredrik Dale
Refling

Høringssvar til felles samfunnsdel av kommuneplanen for Midt-Telemark kommune 2019-2031. Varsel om oppstart av planarbeid og offentlig ettersyn av planprogram. Midt-Telemark kommune

Det vises til brev om varsel om oppstart av felles samfunnsdel av kommuneplanen for Midt-Telemark kommune 2019-2031.

Folkehelse

Det er positivt at planprogrammet peiker på «tidleg innsats innanfor helse og oppvekst» som eit tema som vil vere naturleg å følgje opp i samfunnsdelen (kapittel 5). Dette er eit sentralt område når det gjeld helsefremjande arbeid og det å bidra til god folkehelse. Innanfor dette temaet er det også viktig å sjå på utfordringane innan levekår, psykisk helse og sosiale skilnader i helse som finnes i dei to kommunane. Desse utfordringane er også nemnt i den interkommunale planstrategien for Bø og Sauherad.

Til tross for at omgrepet «folkehelse» ikkje er nemnd i planprogrammet, kan arbeidet med samfunnsdelen vere eit godt høve til å etablere eit meir systematisk folkehelsearbeid i dei to kommunane. Å møte folkehelseutfordringane i dei to kommunane krevjar eit systematisk arbeid over tid. Lov om folkehelse (2012) set krav til kommunar og fylkeskommunar om å ha naudsynt oversikt over helsetilstanden hos innbyggjarane. Oversikten skal greie ut om dei positive og dei negative påverknadsfaktorane. Dette skal gjerast skriftleg (§5). Ein slik oversikt skal vere med og danne grunnlag for kommunens arbeid med kommuneplanar, der det skal komme fram korleis kommunen tenkjer å møte folkehelseutfordringane gjennom overordna mål og strategiar.

I kapittel 6 «Kunnskapsgrunnlag og utgreiingsbehov», vil vi gjere merksam på at ungdatabundersøkinga «Ung i Telemark 2018» vert gjennomført på alle ungdomsskular og vidaregåande skular denne våren. Resultata i form av kommunerapportar vil vere klare rundt 1.mai 2018. Desse kan kanskje vere eit relevant kunnskapsgrunnlag og også brukast som eit utgangspunkt i medverknadsprosessar med barn og ungdom.

Vi vil også gjere merksam på at «Regional plan for folkehelse i Telemark 2018-2030» har forventa politisk slutthandsaming i april 2018. Ein regional plan for folkehelse vil vere med og gje føringar for lokalt folkehelsearbeid.

Kulturminner

Vi vil tilrå å trekkje inn satsing på både materiell og immateriell kulturarv som del av mål og tiltak under tema som måtte kome fram i prosessen. Vi vil tilrå kommunen å trekkje inn kultur og kulturarv som eit delgrunnlag for vekst i kommunen. Kulturarv er ein verdi som kan nyttast og utviklast.

Postadresse:	Besøksadresse:	Sentralbord	Foretaksregisteret: 940 192 226
Postboks 2844	Fylkesbakken 10	35 91 70 00	E-post: post@t-fk.no
3702 Skien	3715 SKIEN		www.telemark.no



TELEMARK

fylkeskommune

Samfunnsdelen bør omtale og vise vilje til bruk av Midt-Telemark rike og kjende kulturarv. Ei utgreiing omkring dette, til dømes i ein kulturminneplan, kan vere eit nyttig verktøy for utveljing av prioriteringar og satsingar.

Kulturarv brukast aktivt som rammeverk og grunnlag for utviklinga av busetnaden og trivelege sentrum. Kulturarv kan bli nemnd som ein faktor i bustadpolitikken, der nye bustader søkast etablert i nærleiken av verneverdige bygg og andre kulturminne. Fleire analyser syner at det aukar både attraktiviteten og verdien. Det kan også vere eit punkt at eksisterande verneverdige bustader søkjast tatt i bruk – noko som gjer meirverdi både til bygga og omgjevnadane. Kulturarv kan nyttast strategisk i barnehage og skular for å skape identitet og tilknytning, slik at fleire veljar å bli verande og stase lokalt. Kulturarv, og då særleg kulturarv som er særmerkt for Midt-Telemark, kan også løftast fram som utgangspunkt for næringsetableringar og næringsutvikling (slik som mellom anna reiseliv og oppleving).

Kultur og kulturarv burde bli nemnd som ein viktig faktor i utbygginga av reiselivet i kommunen. Ved å ta vare på viktig kulturarv og løfte det fram skaper ein attraksjon for opplevings- og reiselivsnæringa med ringverknader. Det kan til dømes vere ein strategi å plukka ut nokre spydspissar. Å leggje til rette for og bruk av kulturminne gjennom skilting og skjøtsel kan inngå i ei satsing på folkehelse eller turisme, til dømes i samband med turløyper. Det meste som gjer grunnlag for reiselivsnæring er anten natur- eller kulturarv. Sett ein det saman i konkrete tilbod med opplevingar og arrangement kan ringverknadane bli store.

Med vennlig hilsen

Fredrik Dale Refling

Fredrik.Dale.Refling@t-fk.no

Dokumentet er elektronisk godkjent og sendes uten signatur.



Bø kommune
v/ Kristin K. Dahle

27. februar 2018

Innspill til kommunens samfunnsdel

Bakgrunn – Nåsituasjon

Det er tatt utgangspunkt i rapporter fra Knut Vareide ved Telemarksforskning, og erfaringer fra gjennomførte bedriftsbesøk. Det er også spilt inn ulike utfordringer fra næringslivet gjennom prosjekter hvor MTNU deltar.

Kunnskapspark – Samspill mellom næringsliv og Høgskole/Universitet

Hellandtunet er et bevis på at samlokalisering av ulike aktører i næringslivet under samme tak, bidrar til vekst og samspill.

Her er det i dag kø for å komme inn, og næringslivet har behov for flere slike miljøer.

I tillegg er det viktig med etablering av et næringsmiljø/innovasjonsmiljø tilknyttet HSN. Dette er med på å fremme innovasjon og vekst for å skape fremtidens produkter og løsninger. (Tilgang til laboratorium, forskning, personressurser, studentoppgaver osv)

Tilrettelegging for HSN er viktig. HSN er en motor for utvikling i Midt Telemark.

Gvarv sentrum - Gamle Fruktlageret

Stedsutvikling og tilrettelegging for næringsliv er viktig på steder hvor man ønsker aktivitet.

Gvarv sentrum er i dag et sted med mange tomme vinduer, og preget av å kun være en gjennomfartsåre.

Det jobbes med et prosjekt hvor man ser på muligheten for å etablere et cideri i Gvarv sentrum i forbindelse med det gamle fruktlageret. Gvarv sentrum kan bli et fremtidig norsk senter for frukt dyrking og foredling, og samtidig bli en viktig besøksdestinasjon.

Det bør planlegges for Gvarv sentrum som en attraksjon i Norge knyttet til fruktproduksjon og foredling.

Tilgang til næringsarealer - Brenna

Befolkningsveksten i kommunen bidrar til at næringslivet utenfor kommunegrensen ser på Midt-Telemark som et mulig område for etablering. Beviser på dette er blant annet Carlsen & Fritzøe og Biltema. Interessen for næringsstomter er derfor økende, og tomtosalget på Brenna går nå bedre. For å ivareta fremtidige behov for arealer til næring anbefales det at man vurderer å utvide areal for industri til hele området fram til Steinsenteret.

Grunneier er positiv til dialog og kan vurdere salg.

Bø arena

Det er startet et forprosjekt for å se på muligheter til å etablere en ny travbane i Bø for travmiljøet i Telemark. Et foreløpig forslag ligger i å se på området bak Bø Camping, som er forholdsvis flatt og som innbyr til samarbeid med Bø Camping, Sommarland, Høyt & Lavt, og Telemarkshallen. Det er ønskelig å skape en flerbruksarena, som kan trekke turister og større arrangementer til Bø og Midt-Telemark.

Om forprosjektet skulle konkludere med at en slik etablering er mulig, bør trafikkbelastning og parkering tas med i betraktningen for området.

Mineraler

Det er gjennomført prøveboringer etter ree-mineraler på Fensfeltet i Nome kommune, og de første prøveresultatene ser positive ut.

Den økende interessen for mineraler og mulig etableringer av næringsliv tilknyttet dette feltet vil også kunne påvirke næringslivet i nabokommunene.

Det bør derfor kartlegges og legges til rette for økt mineralutvinning i kommunen.

En kartlegging vil kunne gjøre det lettere for næringslivet å etablere seg i tilknytning til eventuelle mineralforekomster.

I en omstilling til grønne næringer blir mineraler mer og mer viktig som innsatsfaktorer i nye miljøvennlige produkter.

Vi har et betydelig industrimiljø i Midt Telemark for produksjon av betongprodukter. Innsatsfaktorer her er sand og sement. Det er viktig med god tilrettelegging for uttak av sand og infrastruktur for transport.

Generelt om næringer

Statistikk for næringsutvikling og arbeidsplasser påvirkes ofte av hvordan det går med de store bedriftene med mange ansatte. Disse bedriftene er av stor betydning for lokalsamfunnet, og man bør satse mer og legge til rette for at disse kan fortsette å vokse.

I tillegg bør det satset mer på næringer som vi allerede er gode på i dag, og som har naturgitte fortrinn der de ligger. Det er f.eks. et udekket behov innenfor fruktneringen i landbruket, hvor foredling, videreutvikling og utvidelser vil være naturlig.

Andre eksempler på slike næringer er reiseliv og besøksnæring, samt steinindustri og annen industri relatert til naturresurser.

Det er enklere å få vekst i slike næringer som har disse naturgitte fortrinnene. Her er det helt klart et vekstpotensiale.

For reiselivet er det viktig at besøkende for gode opplevelser, dette innebærer alle elementer fra god skilting, innbydende arealer, handelsmuligheter, sentrumsutforming etc. Besøkende bør sitte igjen med et positivt inntrykk etter et besøk og ha lyst til å komme tilbake.

Infrastruktur


God infrastruktur er viktig for effektiv logistikk.

Mye av produksjonen i Midt-Telemark eksporteres ut av området på store biler.

I tillegg har vi mye entreprenører i regionen som er avhengig av veier som er dimensjonert for høy aksellast for å kunne ta seg frem til de ulike arbeidstedene.

En kontinuerlig utbedring av veinettet vil påvirke næringslivet positivt i de fleste sammenhenger.

Midt-Telemark Næringsutvikling AS


Bent Gurholt

Daglig leder



Fra: Bjørn Nordbø <bn@strangedays.no>
Sendt: mandag 5. mars 2018 18:51
Til: Bø - Postmottak Bø kommune
Emne: Felles samfunnsdel av kommuneplanen, sak 17/2804

Vi viser til utkast til planprogram for felles samfunnsdel av kommuneplanen 2019-2031.

Her er det det er lagt opp til å invitere eksterne miljøer inn i planarbeidet gjennom tre referansegrupper, blant annet en for frivillig sektor.

Miljøpartiet de Grønne vil foreslå at lokallaget til Naturvernforbundet inviteres med i referansegruppen for frivillige.

Begrunnelse:


I planprogrammet blir det trukket fram at de gjeldende nasjonale forventningane til regional og kommunal planlegging (2015) fokuserer på tre hovudområder, jf. punkt 3.1 i planen.

Naturvernforbundets kompetanse er svært relevant for to av disse hovedområdene: **Bærekraftig** areal- og samfunnsutvikling og Attraktive og **klimavenlege** by- og tettsteder.

MDG mener derfor at det ville vært naturlig å invitere Naturvernforbundet inn i denne referansegruppen.

Mvh Bjørn Nordbø

Leder i MDG Midt-Telemark





Statens vegvesen

Midt-Telemark kommune
Postboks 83
3833 BØ I TELEMAR

Behandlerenhet:
Region sør

Saksbehandler/telefon:
Dag Steinar Ragvin / 35025189

Vår referanse:
18/16033-2

Deres referanse:

Vår dato:
01.03.2018

Merknader til varsel om oppstart av planarbeid og høring av planprogram for felles samfunnsdel av kommuneplanen for Midt-Telemark kommune 2019-2031

Det visast til brev datert 19.01.2018 med varsel om oppstart av planarbeid og vedlagte planprogram utlagt til høring.

Planprogrammet synest godt gjennomarbeida. Utover dette har vi ingen merknader.

Vegavdeling Telemark
seksjon for plan- og forvaltning
Med hilsen

Eivind Gurholt
seksjonsleiar

Dag Steinar Ragvin

Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen håndskrevne signaturer.


Kopi
Fylkesmannen i Telemark, Postboks 2603, 3702 SKIEN
Telemark fylkeskommune, Postboks 2844, 3702 SKIEN

Postadresse
Statens vegvesen
Region sør
Postboks 723 Stoa
4808 ARENDAL

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-sor@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Semsveien 42
3676 NOTODDEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø



Bø idrettsråd

Organisasjonsledd i
**NORGES
IDRETTSFORBUND**

Bø, 05.03.18

Til Bø Kommune v/ teknisk eining

postmottak@bo.kommune.no

Innspill til Felles samfunnsdel av kommuneplan, sak 17/2804

Me viser til Varsel om oppstart av planarbeid og offentlig ettersyn av planprogram for felles samfunnsdel av kommuneplanen for Midt-Telemark Kommune 2019-2031 sendt 19.01.18 med frist for innspel innan 07.03.18.

Bø idrettsråd er eit felles organ for all idrett som er organisert i Norges idrettsforbund (NIF) gjennom idrettskretsen og held til i Bø Kommune. Idrettsrådet skal arbeide for best moglege forhold for idretten i kommunen. Idrettsrådet skal vere ein arena for samarbeid internt mellom laga, mellom laga og kommunale/interkommunale etatar, og mellom laga og idrettskretsen. Sjå denne nettsida for meir informasjon: <https://boir.klubb.nif.no/Sider/Hjem.aspx>.

Idrettsrådet har fylgjande innspel til Felles samfunnsdel av kommuneplan for Midt-Telemark Kommune 2019-2031:

- 1) Under punkt 4.1.2 (s. 6) står følgjande: «*Det er lagt opp til å invitere eksterne miljø inn i planarbeidet gjennom tre referansegrupper; næring, friviljug sektor og grendelag/velforeiningar. I Sauherad er det eit ungdomsråd, men p.t. eksisterer ikkje dette i Bø. Gjennom planprosessen bør det etablerast eit felles ungdomsråd for ny kommune, som kan fungere som ei referansegruppe i planarbeidet.*» På side 7 visast i eit diagram at idrettsråd er tenkt inn i referansegruppa for friviljug sektor. Bø Idrettsråd meiner at både Bø idrettsråd og Sauherad idrettsråd må verte representert i denne referansegruppa.

Med helsing

Bø idrettsråd
v/ leiar Solfrid Bratland-Sanda

kopi:

- Telemark idrettskrets

